

Gjesdal Bondelag  
v / Marit Epletveit  
Sygnivollen  
Gjesdal 116  
4330 Ålgård

Gjesdal 08.11.2016

NVE-Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0131 Oslo

**Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for uttak av drikkevatn frå Bjerkreimsvassdraget i Bjerkreim og Gjesdal kommunar, Rogaland fylke.**

Tilleggsuttale etter synfaring 27.10.2016.

Bandlegging rundt Birkelandsvatnet med dagens regelverk for IVAR sine vasskjelder, ville innebært at all busetjing og husdyrhald i ca 1/3 av Bjerkreim kommune og Maudal i Gjesdal kommune måtte avviklast. Det vil og innebære store restriksjonar på næringsvirksomhet inkludert jakt og fiske. Bygdene vil gro att og tur og turistmulighetene ville blitt sterkt forringa. Sjølv om IVAR seier dei skal hente vatn djupt nede frykter vi at der kjem nye krav og restreksjoner som vi ikkje har herredøme over og at desse i framtida vil gje slike konsekvenser for dei som bur i nedslagsfeltet, desse må sikrast.

Gjesdal bondelag krev derfor at det vert utarbeida ekstra konsekvensutgreing med:

- Den opprinnelege IVAR planen for Store Myravatnet som drikkevasskjelde. Dette var eit samarbeid med LYSE om nytt Maudal kraftverk på Espeland. Ein må her søkje om dispensasjon frå vernet av Bjerkreimsvassdraget. Dette vil gi eit samfunnsøkonomisk lønnsamt prosjekt der ein i framtida ikkje treng leve med frykt for tvangsflytting av store bygdesamfunn med eit velfungerande næringsliv inkludert matproduksjon.
- Fellesutbygging mellom IVAR og LYSE om nytt kraftverk i Maudal med utgangspunkt i Store Myravatnet, ny felles fjelltunell til Øvre Maudal og IVAR tunell vidare.

Skal det likevel gis konsesjon på Birkelandsvatnet, må det stillast som vilkår at dersom det i framtida vert aktuelt med klausulering, så fell konsesjonen vekk og IVAR må finne ny vasskjelde.

Lykke til med ei framtdsretta drikkevasskjelde, levande bygder, fine tur og turistopplevelser og sikra jordbruksareal for framtidig matproduksjon.

Leiar i Gjesdal Bondelag

Marit Epletveit